



Astrid Sofie Kålås
FAMMESTAD 11
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/1173 - 22/13960

Saksbehandlar:
Hogne Askeland
hogne.askeland@alver.kommune.no

Dato:
21.02.2022

Løyve til utslepp av avløpsvatn - Slamavskiljar - gbnr 24/66 Fammestad

Administrativt vedtak: **Saknr: 186/22**

Byggestad: Gbnr: 24/66
Tiltakshavar: Astrid Sofie Kålås
Type utslepp: Sanitært avløpsvatn med utslepp mindre enn 50pe
Søknadstype: Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-3

VEDTAK

Det vert gjeve utsleppsløyve for bustad på gbnr 24/66 Fammestad på følgjande vilkår:

1. Utslepp frå bustaden skal førast til eksisterande 6m³ slamavskiljar. Restutsleppet frå slamavskiljaren skal førast i tett leidning til eksisterande sandfiltergrøft som vist på kart.
2. Utsleppet frå bustaden vert gitt for 2 pe.
3. Slamavskiljaren skal vere plassert slik at avstand til plass med moglegheit for parkering av tømmebil vere maksimum 100 meter, og botnen av anlegget må då ikkje liggje lågare enn at løftehøgda til tømmebil (ikkje overstig 8 meter).
4. Utsleppet skal til ei kvar tid tilfredsstillast krav i Forskrift om begrensning av forurensing, § 12-7 til 12-13.
5. Eigedomen skal knytast til offentleg godkjend avlaupsleidning eller anna felleisleidning dersom slike vert ført fram til området og kommunen set krav om det.

Vedtaket er heimla i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta § 12-5.

SAKSUTGREIING

Tiltak

Saka gjeld søknad om utsleppsløyve for anneks som skal bruksendrast til bustad på gbnr. 24/66 Fammestad.

I søknaden er det opplyst at utsleppet frå annekset vert kopla til eksisterande slamavskiljar på egedomen.

Egedomen har i dag ein 6 m³ slamavskiljar som er knytt til eksisterande einebustad med adresse Fammestad 11.

Storleiken til utsleppet frå annekset er opplyst til 2 pe.

Det vert elles vist til søknad mottatt 08.02.2022.

Planstatus

Egedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunepleanen sin arealdel er definert som område for bustad.

Nabovarsel

Tiltaket er ikkje nabovarsla i samsvar med forureiningsforskrifta § 12-4 nr. 2.

Uttale frå anna styresmakt

Alver kommune har vurdert om saka må sendast på høyring og finn at det ikkje er særlege forhold i denne saka som inneber at saka må sendast på høyring.

Plassering

Plassering og utsleppsstad er vist i kart datert 07.02.2022.

Reinseløysing

Utsleppet frå bustaden skal reinsast i eksisterande slamavskiljar før det reinsa utsleppet vert ført vidare til eksisterande sandfiltergrøft.

Drift og vedlikehald

Egedomen skal inngå i kommunal slamtømmeordning.

Forskrifta gjeld for heile kommunen med unntak av

Veglause grender og øyar og eigedomar som elles ikkje er tilknytt offentleg vegnett

Eigedomar der tømmetanken ligg lengre enn 100 meter frå køyrbar bilveg

Eigedomar der tømmetanken ligg lågare enn 8 meter frå køyrbar bilveg.

Kap.12.

Slamavskiljarar knytt til heilårsbustadar eller fritidsbustadar skal tømmast heilt for slam etter behov, og ikkje sjeldnare enn kvart 2. år for heilårsbustadar og kvart 4. år for fritidsbustadar, jf. forureiningsforskrifta § 12-13.

Privatrettslege tilhøve

Avløpsanlegget er plassert på eigen eigedom, på gbnr. 24/66. Utsleppsleidningen er lagt på eigen eigedom fram til utsleppsstad.

Tilkopling til eksisterande anlegg/leidning

Det er gitt utsleppsløyve for eksisterande utsleppsanlegg i vedtak datert 14.12.1973

VURDERING

Det er ikkje offentleg kloakkanlegg i området. Egedomen har i dag ein 6m³ slamavskiljar som vart etablert i 1974. Det er ikkje registrert avvik knytt til dette anlegget.

Kommunen vurderer at eksisterande slamavskiljar er tilstrekkeleg dimensjonert for å kunne ta imot auka påslepp frå 2 pe og legg til grunn at godkjent påslepp til slamavskiljaren vil gjelde for inntil 7 pe.

Søknad om utsleppsløyve kan etter kommunen si vurdering godkjennast slik han ligg føre med utslepp via slamavskiljar til sandfiltergrøft.

Kommunen legg til grunn at eksisterande utsleppsanlegg er i forskriftsmessig stand og at anlegget kan inngå i den kommunale slamtømmeordninga på ordinære vilkår.

Plassering

Plassering av anlegg og leidningsnett kan etter kommunen si vurdering godkjennast i samsvar med kart datert 07.02.2022.

Godkjenning etter andre lovverk

Etablering av avlaupsanlegget krev løyve etter plan- og bygningslova kap. 20.

Søknad om løyve til etablering av avløpsanlegg etter plan- og bygningslova må sendast inn av eit ansvarleg føretak.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Enkeltvedtak fatta i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 12 kan klagast på til kommunestyret eller særskilt klagenemnd, jf. [forurensningsloven § 85](#) 2.ledd og forureiningsforskrifta § 12-15. For enkeltvedtak fatta av kommunestyret er Statsforvaltaren klageinstans.

Enkeltvedtak fatta i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 13 kan klagast på til Statsforvaltaren, jf. forureiningslova § 85 2.ledd og forureiningsforskrifta § 41-5

Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ansvar

Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter forureiningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.

Bortfall av løyve

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller vert arbeidet innstilt i lengre tid enn to år, fell retten til å etablere utsleppet vekk, jf. forureiningsforskrifta § 12-5 4.ledd og § 13-5 4.ledd. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn.

Tilsyn, endring og opphøyr av løyvet

Kommunen er forureiningsstyresmakt og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 og 13 vert følgd. Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avlaupsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegg si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekkja kostnader knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap.7.

Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyresmakta oppheve eller endre vilkåra i utsleppsløyvet, setja nye vilkår og om naudsynt kalla tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18 og forureiningsforskrifta § 12-14 og § 13-17.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 22/1173

Med vennleg helsing
Alver kommune

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Hogne Askeland
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Astrid Sofie Kålås

FAMMESTAD 11 5913

EIKANGERVÅG